



Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Nordhordland - 4. etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5
Dato: 04.02.2015
Tidspunkt: 09:30-13:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Neshe Lie	Medlem	H
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Tore Svane	Medlem	FFO

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Fiskvik	Tore Svane	FFO

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Eystein Venneslan	Prosjektleder, samferdselsavdelinga
Ranja Blomvåg Sjøstrøm	Statens Vegvesen
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

Saksliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/15	Godkjenning av sakliste		
PS 3/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 4/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 1/15	Oversikt økonomi - per 190115	2014/558	
RS 2/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr januar	2014/1527	
RS 3/15	Referat frå arbeidsutvalsmøte - 140115	2014/558	
RS 4/15	Bompakken - Nordhordlandspakken	2014/558	
RS 5/15	Høring - Forslag til forskrift om helseforetaksfinansierte legemidler til bruk utenfor sykehus (h-reseptlegemidler)	2014/22282	
RS 6/15	Førespurnad angående tilgang til Nesttun tannklinikk - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 7/15	Førespurnad om anbudsprosess for ferger - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 5/15	Temadag 2014 "Universell utforming - tilgjengelegheit for nokre, ein utfordring for andre?" 12.03.2015	2014/558	
PS 6/15	Deltaking på konferansar; SOR-konferanse, Landskonferansen og Husbanken "Universell utforming - neste generasjon"	2014/558	
PS 7/15	Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 8/15	Universell utforming - kompetanseheving i Hordaland fylkeskommune	2014/558	
PS 9/15	Anbudsprosesser ferjer - universell utforming	2014/558	
PS 10/15	Ymse		

PS 1/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente innkallinga.

PS 2/15 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente sakslista.

PS 3/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteboka frå 09.12.2014.

PS 4/15 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

RS 4/15 Bompakken – Norhordlanspakken: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein førespurnad til samferdselsavdelinga der innspelet frå Foreningen for Muskelsyke Hordaland/Sogn og Fjordane. Førespurnaden gjeld om korleis dette skjer i andre bompakkar og om det kan inkorporerast i denne.

RS 1/15 Oversikt økonomi - per 190115

RS 2/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr januar

RS 3/15 Referat frå arbeidsutvalsmøte - 140115

RS 4/15 Bompakken - Nordhordlandspakken

RS 5/15 Høring - Forslag til forskrift om helseforetaksfinansierte legemidler til bruk utenfor sykehus (h-reseptlegemidler)

RS 6/15 Førespurnad angående tilgang til Nesttun tannklinikk - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 7/15 Førespurnad om anbudsprosess for ferger - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 5/15 Temadag 2014 "Universell utforming - tilgjengelegheit for nokre, ein utfordring for andre?" 12.03.2015

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette temadagen 2015.
Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å utsette temadagane for dei kommunale råda til våren 2016, der det vert anbefalt å sette av to dagar.

PS 6/15 Deltaking på konferansar; SOR-konferanse, Landskonferansen og Husbanken "Universell utforming - neste generasjon"

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at følgjande rådsmedlemar vil delta på konferansane:

1. SOR-konferansen:
2. Landskonferansen: Kjell Søvik, Harald Norheim,
3. Husbanken: Kjell Søvik, Harald Norheim,

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at følgjande rådsmedlemar vil delta på konferansane:

1. SOR-konferansen: Harald Norheim og Kjell Søvik vert påmeld med ein gong. Saka kjem opp på nytt i neste møte for å avklare om Ellinor Kreybu og Tore Svane framleis har moglegheit til å delta da ein eventuell studietur vert føreslått i same tidsperiode.
2. Landskonferansen: Kjell Søvik, Harald Norheim, Jostein Ljones, Tore Svane, Ellinor Kreybu. Vara for Neshe Lie og Kjersti Edwardsdal vert førespurd om dei ønskjer å delta.
3. Husbanken: Kjell Søvik, Ellinor Kreybu, Kjersti Edwardsdal. Vara for Jostein Ljones, Neshe Lie, Harald Norheim og Tore Svane vert førespurd om dei ønskjer å delta.

PS 7/15 Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv ferdig årsmeldinga i møtet og vedtek teksta slik den vert utarbeida. Administrasjonen får fullmakt til å ordne med lay-out.

Endeleg årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert sett opp som politisk sak til neste rådsmøte.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte. Arbeidsutvalet vert bedt om å jobbe med saka fram mot det, og at eit råutkast vert sendt ut til alle medlemane. Viktig å synleggjere prosessen ved synfaringar og dei konsekvensane det har for resultatet, og kva rådet har fokusert på i 2014.

PS 8/15 Universell utforming - kompetanseheving i Hordaland fylkeskommune

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å samarbeide med administrasjonen om eit kompetansehevingsarrangement om universell utforming, samt å bidra finansielt til kostnader med innleiar.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til å samarbeide med administrasjonen om eit kompetansehevingsarrangement om universell utforming, samt å bidra finansielt til kostnader med innleiar.

Rådet ønskjer at målgruppa skal vere tilsette i fylkeskommunen som har universell utforming innanfor sitt arbeidsområde, men som ikkje jobbar så mykje med det.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte og ber administrasjonen kome med noko meir konkret til den tid.

PS 9/15 Anbudsprosesser ferjer - universell utforming

Rådet har vore oppteken av kva kriterier som ligg til grunn for universell utforming ved anbudsprosessen rundt nye ferjer. Arbeidsutvalet har motteke ein oversikt over når dei ulike ferjeruta skal ut på anbud:

Rutepakke	Samband	Kontraktperiode	Opsjon	Operatør
Masfjordnes – Duesund	Masfjordnes - Duesund	01.01.2010 – 31.12.2017	1 år	Wergeland AS
Klokkekarvik – Hjeltestad	Klokkekarvik – Lerøy – Bjelkekarøy – Hjeltestad	01.10.2014 – 31.12.2018	1 år	GulenSkyss AS
Midthordland og Austevoll	Hatvik - Venjaneset	01.01.2011 – 31.12.2018	1 år	FosenNamsos Sjø AS
	Halhjem - Våge			
	Krokeide - Hufthamar	01.01.2011 – 31.12.2016	1 år	
	Husavik - Sandvikvåg			
Nordhordland	Leirvåg – Sløvåg	01.01.2011 – 31.12.2018	1 år	Norled AS
	Fedje - Sævrøy			
	Langevåg - Buavåg			
Sunnhordland	Jektevik – Nordhuglo – Hodnanes	01.01.2011 – 31.12.2018	1 år	Norled AS
	Skjersholmane – Ranavik			
	«Fjeldbergruta»			
	Skånvik – Matre - Utåker			
Hardanger	Gjermundshamn – Varaldsøy - Årsnes	01.01.2012 – 31.12.2018	1 år	Norled AS
	Jondal - Tørvikbygd			
	Kvanndal – Utne - Kinsarvik			

Samferdselsavdelinga kjem på rådsmøtet for å orientere om anbudsprosessen.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å ha fortsatt kontakt med samferdselsavdelinga rundt anbodsprosessane, og å ta saka vidare med brukarorganisasjonane som kan påverke prosessen hos Statens vegvesen.

PS 10/15 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Fellesmøte med råda for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane: Det er føreslått møtedato den 21. april, med møtestad i Skei eller Førde. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtekt å delta på møtet og ønskjer å spele inn universell utforming i samband med ferjeanbod og utforming av kaianlegg. Rådet vil anbefale at Ranja Blomvåg Sjøstrøm frå Statens Vegvesen vert brukt som innleiar på kaianlegg. Deltaking vert primært frå dei faste medlemmane i rådet.

Arbeidsutvalet: Leiar i rådet har meldt ein trong for å søkje permisjon frå vervet sitt i ei tid. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek derfor at Jostein Ljones, som politisk representant, steppar inn for leiar Ellinor Kreybu i arbeidsutvalet den tida ho er i permisjon.

Neste rådsmøte: Da leiar og nestleiar i rådet ikkje har moglegheit til å delta på rådsmøtet 25. mars vedtok rådet for menneske med nedsett funksjonsevne å utsette rådsmøtet. Det vert føreslått endra til 8. april. Dialog angående dette vert heldt mellom arbeidsutvalet og administrasjonen.

Studietur: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vurderer ein studietur i veke 18. Det er føreslått ein tur over to dagar der Handikappedes hus i Danmark er eit aktuelt reisemål. Elles ser rådet at det kan vere aktuelt med synfaringar på samferdsel og kaier/ferjer. Dette vert ein sak på neste rådsmøte.